

Retningsline for grunngjevingar og klage

Godkjent av høgskuledirektøren 24.04.2019 med heimel i Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda 01.01.2015

1. Grunngjeving

Den som har avlagt eksamen har rett til å få grunngjeving for karakterfastsetjinga av eigen prestasjon.

Krav om grunngjeving må framsetjast innan ei veke frå kandidaten fekk kjennskap til karakteren, det vil seie frå det tidspunktet karakteren er kunngjort i Studentweb.

Kandidaten ber om grunngjeving i Studentweb. Grunngjeving skal normalt vere gitt til kandidaten innan 2 veker etter at kandidaten har bedt om det.

Ved munnleg eksamen eller vurdering av praktiske kunnskapar, må krav om grunngjeving framsetjast med ein gong karakteren er kunngjort.

Dekan avgjer om grunngjevinga skal gjevast skriftleg eller munnleg.

2. Klage på eksamenskarakter

Fristen for å klage på ein eksamenskarakter er tre (3) veker etter at sensuren er kunngjort. Dersom ein har bede om grunngjeving for ein karakter er klagefristen tre (3) veker etter at ein mottar grunngjevinga.

Det er individuell klagerett ved gruppeeksamen. Ei eventuell endring av karakter etter klage vil berre gjelde for den som har klaga.

Klage på karakterfastsetting blir gjort i Studentweb.

Klagen kan føre til betre eller dårlegare resultat.

Der karakteren ved klagesensur har eit avvik på to eller fleire karakterar frå ordinær sensur, skal normalt intern sensor frå ordinær sensorkommisjon og ekstern sensor frå klagekommisjon gjere ei vurdering i fellesskap, og kome fram til ein endeleg karakter.

Resultat etter klage er endeleg, og kan ikkje klagast på.

Ved klage på karakter som er fastsett på grunnlag av skriftleg vurdering med munnleg justering, der karakteren på den skriftlege vurderinga vart endra etter klagesensuren, vert det arrangert ny munnleg justering til fastsetting av endeleg karakter, UHL §3-9 (5).

Det er ikkje høve til å klage på vurderinga ved munnlege/praktiske eksamenar.

Ein eksamenskandidat kan klage på formelle feil ved munnlege/praktiske eksamenar innan tre (3) veker etter at han/ho er eller burde vere kjent med det høve som grunngje klagen.

Utfyllande informasjon om klager finn du i Universitets- og høgskulelova §5-3 og i Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda §5-12.

3. Klage på arbeidskrav

For klage på arbeidskrav, sjå Retningsline for arbeidskrav.

4. Klage på formelle feil

Ein eksamenskandidat kan klage på formelle feil ved eksamen innan tre (3) veker etter at han/ho er eller burde vere kjent med det høve som grunngir klagen.

Dette gjeld også munnlege/praktiske eksamenar.

Døme på formelle feil kan vere feil ved oppgåvegiving, feil under eksamensavvikling, feil ved sensurering.

Fristen for å klage på formelle feil ved arbeidskrav er ein (1) veke etter at kandidaten er eller burde vere kjent med det høve som grunngir klagen.